

Møtereferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Til stede: Jan Oddvar Gjerde, Joe R. Aseerwatham, Astrid Gytri, Anne Marie Auestad, Merete Hauge, Jostein Bildøy, Henrik Aasved, Sigrun Marit Hansen, Atle Lunde. Vara-medlemmer.

Møteleiar: Jan Oddvar Gjerde

Sekretær: Lene Lie

Møtedato: 13.01.2022

Klokkeslett: 09.45 – 14.45

Møtenr: 1/22

Møtestad: Teams (Digitalt)

Saksnr	Emne	Ansvarleg
01/22	Godkjenning av innkalling og melding av eventuelt-saker. Innkalling blei godkjent.	Leiar
02/22	Godkjenning av referat frå førre møte Referat blei godkjent med to tilføyingar: <ul style="list-style-type: none"> • Kommentar til innlegg i førre møte om kapasitetsutfordring i sjukehusa. RBU ønskjer ei utgreiing om korleis utfordringane har vore dei siste fem åra og kva ein ser for seg fem år framover. • Tilføying under eventuelt: 6 møter blei halde og at 3 møter var avlyst i arbeidsgruppa på tvang. Dette er tatt inn i referatet frå desembermøtet. 	Leiar
03/22	Gjennomgang av prosjekta Oversikt over deltaking i prosjekt blei gjennomgått og oppdatert i møtet. Ida-Anette Kalrud i Helse Sør-Øst har fått beskjed om endringar som gjeld inter-regionale verv.	
	Link til styresaker: https://helse-vest.no/om-oss/styredokument-skriv-og-meldingar Dette var eit ekstramøte utan representasjon frå leiinga. Styresakene var ikkje klar til møtet.	
04/22	Deltaking i prosjekt <ul style="list-style-type: none"> • Deltaking i styringsgruppe – prosjekt Norse Feedback. Prosjekteiger og leiar av styringsgruppa er Ola Jøsendal. (Kontakt: Geir Granerud). Astrid deltar her. • Oppnemning av brukarrepresentant til arbeidsgruppe som skal følge opp den regionale 	

Saksnr	Emne	Ansvarleg
	<p>handlingsplanen for sikkerheitspsykiatri. (Kontakt: Carina Mæland). Første møte er 7. februar. Det blei ikkje utnemnt nokon representant i møtet. RBU ønskjer ei orientering om arbeidet og kva ein kan forvente seg i tida som kjem. Carina deltek i møte 9. februar.</p>	
05/22	<p>Orientering om nasjonale kompetansetenester i Helse Vest Gjertrud orienterte om omorganiseringa av dei nasjonale kompetansetenester i Helse Vest. Presentasjon er vedlagt.</p> <p>Per nå er fokuset på å ivareta omorganiseringa. Når dette faller på plass må vi begynne å prioritere nye områder. Det blei spurt om RBU må forberede seg på deltaking. Dei fleste er kopla opp til ein spesiell forening. Nokon gonger kjem det spørsmål om oppnemning, men ikkje så ofte. Det kom òg spørsmål om henvendelse går direkte til brukarorganisasjonane. Vi følger med og ser om det er brukarorganisasjonar i referansegruppa. Alle rapportane er tilgjengelige. Lenke til rapportane: https://forskningsprosjekter.ihelse.net/HSListe.aspx</p>	Gjertrud Jacobsen
06/22	<p>Brev/invitasjonar til/frå brukarutvalet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Notat frå Fagavdelinga v/Gjertrud Jacobsen – Regionalt arbeid angående oppbygging av kompetanse om seineffektar etter kreft. Det har kome tilleggsoppdrag frå HOD om å opprette kompetansesentre for seineffektar etter kreft. Her kjem det førespurnad om representasjon inn i dette arbeidet. • Brev frå LPP Rogaland om oppdrag til Helse Stavanger angående sikkerheitspsykiatri. Dette gjeld brevet RBU fekk førre møte. Har fått tilsendt alle lokale planar frå Carina. Når planen skal utarbeidast er det ikkje inkludert nokon brukarrepresentant. Dette tas med Carina i neste møte. • Rapport frå Ukom: «Kva kan vi lære etter drap begått i psykotisk tilstand?» Det blei sagt at når personer med psykose begår drap, er det ofte helsevesenet som har svikta. Pasienten som kjem i varetekts-surrogat (henta av politiet), blir ikkje skikkelig utreda og behandla. 	Leiar

Saksnr	Emne	Ansvarleg
	<ul style="list-style-type: none"> • Brev frå Cerebral Parese-foreninga Vestland. Offentleg anskaffing innan intensiv tverrfaglig habilitering for barn og unge. FFO har mottatt ein henvendelse angående dette. Viktig at dette tilbodet ikkje faller bort. Atle har delteke i arbeidsgruppe som sitter med dei nye avtalane. Desse ligg ikkje i dei nye avtalane med Helfo. Dersom det berre er Barnas fysioterapisenter som tilbyr desse tenestene, må ein spør korleis behovet skal dekkast vidare for desse barna. Fritt behandlingsval blir avvikla, og problemet er at desse pasientane ikkje lenger kan bli tilvist. Ein har same problemstilling innan for eksempel rus. RBU bør uttale seg om kva som er konsekvensane for pasientane. <u>Konklusjon:</u> Be styret gjere greie for korleis Helse Vest vil møte denne utfordringa. Ivar Eriksen deltek som leiarrepresentant på neste møte. Da kan han seie noko om dette. 	
07/22	<p>RBU si time</p> <ul style="list-style-type: none"> - Aktuelle styresaker Jan Oddvar informerte om aktuelle styresaker. - Nye honorarsatsar Det blei informert om dei nye honorarsatsane som gjeld frå 01.01.2022. - Brukarmedverknad somatikk versus psykiatri og haldningar ein møter på blei tatt opp. Det viser seg at det er store skilnader i kvalitet på innovasjonssøknadane. <u>Konklusjon:</u> Atle formulerer noko her og sender over til Jan Oddvar og Henrik, slik at det kan tas med i årleg melding. - Kva kan RBU bidra med inn mot HOD? <u>Konklusjon:</u> Dette tas som en eiga sak i neste møte. 	Leiar
EVT	<p>Eventuelt</p> <p><u>Arbeidsfordeling mellom Haukeland og Haraldsplass</u> Det er semje om å flytte hovudansvaret for palliasjon frå Haraldsplass til Haukeland. Når det gjeld tilbodet til slagpasientar, ønskjer Haraldsplass å behalde notidas ordning, mens Haugeland ønskjer ei felles mottakseining.</p>	

Saksnr	Emne	Ansvarleg
	<p><u>Brukarmedverknad i forskning</u> Det har kome henvendelse frå samarbeidsorganet for forskning og innovasjon om å halde foredrag. Er det nokon som kan tenkje seg dette? Merete diskuterer dette vidare med Atle.</p> <p><u>Lenke til Oppdragsdokument 2022</u> oppdragsdokument-2022-hv-endelig-10jan.pdf (regjeringen.no)</p> <p><u>Desse sakene tas med til neste møte:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - KOLS-skolen. - Digitalisering (400.000 har ikkje nødvendig digital kompetanse). - Forslag om at det blir satt opp eit punkt under faste saker om kva RBU skal ta opp med styret. - Mange saker på psykisk helse og rus og fråfall i RBU. Korleis skal dette handterast? 	

NB!- Møteinnkalling blir sendt ut ei veke før møtet, slik at dersom dykk ønskjer å ta opp saker må dette meldast til leiar og sekretær av RBU innan den tid slik at det kjem på agendaen.

Regionalt brukarutval har eit eget elektronisk møterom (videosamtale). Alle i brukarutvalet kan bruka møterommet ved behov. Gå inn på nettleser og skriv: [Join.nhn.no](https://join.nhn.no) og ring: 996004.

Saker under arbeid:

Sak	Ansvar	Tidsfrist
Medlemmene ønsker informasjon om Helse Vest forskingsmidlar.	Sekretariatet tar kontakt med Sølvi Lerfald, Helse Bergen.	Utsatt
Innovasjonsprosjekt (sjå sak 11/20)	Lena Forgaard	Ikkje bestemt
Styringsverktøya – Vestsida (sak 11/20)	Hilde Christiansen	Ikkje bestemt
Orientering til RBU om medarbeidarundersøking gjort etter covid-19.	Hilde Christiansen/Bjørn Ivar Bø	Utsatt
eMeistring	Carina Mæland	Utsatt
Barn og unges helseteneste	Carina Mæland	Utsatt
Kunstig intelligens	Ola Jøsendal	Utsatt
Forbedringsarbeid for pakkeforløp kreft	Gjertrud Jacobsen	Utsatt
Datavarehus for Helseinnsikt	Cecilie Grøtteland	9. februar
Gjennomgang av Helse Vest sin private portefølje	Ivar Eriksen	9. februar
Orientering på området hørsel		
Sikkerheitspsykiatri – oppnemning av brukarrepresentant. Orientering om arbeidet og kva ein kan forvente.	Carina Mæland	9. februar